



FRAMO HOLSNØY AS  
Rosslandsvegen 933  
5918 FREKHAUG

## Rapport etter tilsyn hos Framo Holsnøy AS, 10. april 2026

Kontrollnummer: 2026.005.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 10. april 2026 hos Framo Holsnøy AS (organisasjonsnummer: 989 778 056).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda har manglar ved handtering av farleg avfall
- Avvik 2: Verksemda gjennomfører ikkje årlege målingar av utslepp til luft

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Verksemda må rette opp avvik snarast. Vi ber om at de sender Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan **15. september 2026**.

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2019/6202.

### De må betale gebyr

Framo Holsnøy AS må betale eit gebyr på 32 300 kr for tilsynet.

## **Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving**

### **Avvik 1: Verksemda har manglar ved handtering av farleg avfall**

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall

#### **Om krava**

Farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte. Alle som oppbevarer, transportere eller handterer farleg avfall, skal treffe naudsynte tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneske og dyr.

#### **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

Verksemda har ein IBC og to oljetønner lagra på eit område utandørs. Området er avgrensa av ein låg kant, men over ein sluk med avrenning til oljeutskiljar. Vi vurderer at utandørs lagring på område over sluk ikkje er i samsvar med kravet om forsvarleg lagring.

### **Avvik 2: Verksemda gjennomfører ikkje årlege målingar av utslepp til luft**

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- løyve av 24. august 2018, punkt 11.2 om utsleppskontroll

#### **Om krava**

I løyvet er det sett utsleppsgrense for utslepp av støv gjennom pipe frå ventilasjonssystem, med midlingstid både for time og år, jf. punkt 4.1.1. Det går fram av punkt 11.2 i løyvet at verksemda skal ha program for utsleppskontroll. Det er sett krav om målingar av utslepp av støv, og prøvetakingsfrekvensen skal sikre representative prøver. For HF og NHO<sub>3</sub> må verksemda årleg gjennomføre ei fagleg grunna vurdering av utsleppsmengd.

#### **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

Verksemda gjennomførte ei måling av utslepp til luft både av HF, HNO<sub>3</sub> og støv i 2024. Verksemda har ikkje målt utslepp til støv i 2025, i samsvar med krava i løyvet.

### **Vedtak om gebyr**

Statsforvaltaren vedtar at Framo Holsnøy AS må betale eit gebyr på 32 300 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 3 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr i forbindelse med tilsynet 10. april 2026 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunnleggjast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## Del 3: Informasjon om tilsynet

### Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Mari Katrine Berg-Arnesen
- Ingrid Torsnes

Kontaktperson hos verksemda:

- Stig Ove Øyerhamn

### Anlegg

Anlegget til Framo Holsnøy AS på Holsnøy, Alver kommune, vart kontrollert under tilsynet.

### Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- handtering av farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering og rutinar
- kjemikaliehandtering

### Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrolllova

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

Verksemda har eit fyringsanlegg med nominell termisk effekt under 1 MW. Utsleppa er difor ikkje omfatta av krava i forureiningsforskrifta kapittel 27 om utslepp til luft frå mellomstore forbrenningsanlegg.

## De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

## Rapporten er offentlig

Denne rapporten vil vere offentlig tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentliglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

Med helsing

Ingrid Torsnes  
senioringeniør

Mari Katrine Berg-Arnesen  
senioringeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG